1. Statusrapport og plan for vidare oppfølging av forvaltningsrevisjonen - Individuelt tilpassa opplæring – vert teken til etterretning

2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen halde kontrollutvalet orientert om framdrifta i oppfølginga av dei tolv punkta i rapporten, og rapportere til kontrollutvalet når oppfølginga er fullført.

KU tok orienteringa frå fylkesrådmannen til vitande

Ny dato for oppfølging er no 12.2.2013

1. Kontrollutvalet tek rapporten frå fylkesrådmannen datert 7.2.2013 til vitande.
2. Kontrollutvalet registrerar at dei fleste av forslaga til tiltak i rapporten frå revisor er oppfølgde. Det manglar ennå ferdigstilling på to tiltak, og utvalet ber derfor fylkesrådmannen om ny rapport når oppfølginga av dei to siste tiltaka er utført.

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak:

Kontrollutvalet tek rapporten frå fylkesrådmannen datert 10.11.2013 til vitande.

2. Kontrollutvalet registrerar at dei fleste av forslaga til tiltak i rapporten frå revisor er oppfølgde. Det manglar ennå ferdigstilling på to tiltak, men kontrollutvalet registrerar at det ligg ein konkret plan for å få desse punkta ferdigstilt.

3. Kontrollutvalet ser på oppfølginga av forvaltningsrevisjonsprosjektet som avslutta.

1.

Kommentarar

Bestilling. Bestillinga sendt til Deloitte i etterkant av møtet . Bestillingsbrev datert 2.11.2010

KU mottok prosjektplan 18.11.2010. Vedtaket vart sendt Deloitte i brev datert 3.12.2010

Raport mottoken 4.5.2011. Saka sendt vidare til fylkestinget.

Revisjonen anbefalar følgjande tiltak i rapporten:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune bør undersøke nærmare opplysningar om at enkelte undervisningsgrupper ikkje er pedagogisk forsvarlege og tryggleiksmessig forsvarlege.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune må sikre at undervisningsgrupper er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarlege jf. § 8-2 i opplæringslova.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune bør klargjere skilje mellom retten til tilpassa opplæring og spesialundervisning i samsvar med føremålet i opplæringslova § 1-3 og kapittel 5, slik at dette er klart både for elevar og tilsette.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune må sikre at alle elevar som har krav på spesialundervisning etter § 5-1 i opplæringslova får dette.
5. Sogn og Fjordane fylkeskommune må sikre at enkeltvedtak om spesialundervisning er i samsvar med krava i opplæringslova kapittel 5 og forvaltningslova, for å sikre den enkelte eleven sin rettstryggleik blir ivaretatt og at det skjer likebehandling av elevar ved ulike skular.
6. Sogn og Fjordane fylkeskommune må sikre at det blir utarbeidd ein individuell opplæringsplan for alle elevar som har vedtak om spesialundervisning, jf. § 5-5 i opplæringslova.
7. Sogn og Fjordane fylkeskommune bør utarbeide felles retningslinjer for sakshandsaming i samband med spesialundervisning og syte for at desse retningslinjene er i samsvar med krava i opplæringslova og forvaltningslova.
8. Sogn og Fjordane fylkeskommune må sikre at det er personar med formelt delegert mynde som fattar enkeltvedtak om spesialundervisning (dvs. rektorane ved dei enkelte skulane) i samsvar med eige delegasjonsreglement og kravet om forsvarleg sakshandsaming (jf. Utdanningsdirektoratet sin rettleiar).
9. Sogn og Fjordane fylkeskommune bør vurdere kva form for systemarbeid dei ynskjer at PPT kontora skal bidra med, og sikre at alle PPT-kontora jobbar med systemretta arbeid i samsvar med kravet i § 5-6 i opplæringslova.
10. Sogn og Fjordane fylkeskommune bør styrkje oppfølgingsarbeidet av "Utviklingsplan for PPT".
11. Sogn og Fjordane fylkeskommune bør innføre eit avviksmeldingssystem som er kjent og fungerer i heile organisasjonen jf. kravet om eit forsvarleg system etter § 13-10 i opplæringslova.
12. Sogn og Fjordane fylkeskommune bør vidareutvikle sitt system for å vurdere om opplæringa er i samsvar med regelverket, for å etterleve kravet om å ha eit forsvarleg system etter § 13-10 i opplæringslova.

Fylkestinget vedtok tilrådinga frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet mottok notat (Sak 10/6572-9) frå fylkesrådmannen, datert 14.11.2011, oppfølging av FR individuelt tilpassa opplæring. Frå gir i notatet ei god framstilling av arbeidet med kvalitetssikring i opplæringssektoren. Det vert i notatet lagt vekt på å vise at ein har eit forsvarleg system som sikrar at elevane sine rettar og plikter vert oppfylte. Notatet inneheldt, i tillegg til ein status for arbeidet, ein plan for det vidare arbeidet. Melding om vedtaket vart sendt fylkesrådmannen 6.12.2011 (Sak 10/5754-14)

Sekretariatet mottok epost frå opplæringsavdelinga 31.8.2012, der det stod følgande:

Vi skal kvittere ut forvaltningsrevisjonen av tilpassa opplæring innan utgangen av 2012 – gjennom ei rutine- og kvalitetshandbok for vidaregåande opplæring.

Arbeidet er godt i gang, og vi har alle ambisjonar om å halde fristen.

Kan du repetere for meg (beklagar!) korleis og i kva form saka skal avsluttast formelt, slik at vi også har ei tidramme å forholde oss til i planlegginga vidare?

Med helsing

Siri Merete Nedland

teamleiar, opplæringsavdelinga

Svar frå kontrollsjefen:

Hei

Dette tykkjer eg ser meget bra ut.

Saka skal avsluttast med at kontrollutvalet får ei sak til handsaming etter at eg har fått rapport frå fylkesrådmannen (eller opplæringsavdelinga på vegne av fylkesrådmannen) om at oppfølging av dei føreslegen tiltaka er ferdig utførde. Det er då veldig bra å få vedlagt, evt link til, rutine- og kvalitetshandboka som er eit resultat av dette arbeidet. Saka til kontrollutvalet vert utarbeidd av meg.

Kontrollutvalet sette ikkje nokon eksakt frist for denne oppfølginga, men i mine papir har eg sett opp hausten 2012 som oppfølgingstidspunkt. Dette meiner eg vart gjort fordi notatet som var grunnlaget for vedtaket i KU-sak 46/11 inneheldt ein del punkt som skulle vere ferdige til skulestart hausten 2012.

Vanlegvis rapporterer kontrollutvalet til fylkestinget om oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapportane i utvalet si årsmelding.

Ta kontakt dersom noko er uklart!

Med helsing

Einar Ulla

Svar frå Opplæring:

Takk for kjapt svar!

Då legg vi opp til å ha rutine- og kvalitetshandboka klar til bruk frå 1.1.2013, dvs at du får ei formell utkwittering frå oss med lenke til nettsida i midten av desember.

Vi skulle så gjerne ha hatt dette ferdig tidlegare, men vi har full innsats på skulebruksplanen for tida, og er rimeleg pressa på tid i heileorganisasjonen. Vi har jobba i fellesskap med dette på avdelingsmøtet i mai og skal halde fram neste veke. Her er mange som skal bidra – og så blir det mi oppgåve å sy det saman til ei handbok, og med god hjelp gjere dette digitalt. Godt vi har folk som kan slikt!

God helg!

Med helsing
Siri Merete Nedland
teamleiar, opplæringsavdelinga

Epost frå Nedland der det vert gjort greie for status. Ho skriv: Hei igjen

Vi arbeider for fullt med ferdigstilling av kvalitets- og rutinehandboka. Siste språklege og innholdsmessige finpuss pågår, og vi ventar no på «tilvist plass» på Portalen, slik at vi kan byrje koplingane av dokumentet reint teknisk.

Om vi klarer å få alt med, alt rett og på rett plass med ein gang veit eg ikkje, og handboka skal difor vere «levande», dvs at endringar og oppdateringar må kunne skje fortløpande, på bakgrunn av ev feil og erfaringar med bruk av den.

Dersom alt går etter planen kvitterer vi ut handboka med eit brev med lenke til Portalen i veke51. Då stiler vi brevet til sekretariatet for kontrollutvalet, v/deg, om eg forstår deg rett?

Så kryssar vi fingrane for at alt går etter planen den siste biten og, og at vi får eit produkt som alle partar kan vere nøgde med□

Ny epost frå Nedland der ho skriv at dei ikkje klarer å få alt på plass innan utgangen av året på grunn av at kvalitetssikringsarbeidet tek meir tid enn forventa, og at det tek tid å få alt klarlagt i portalen. Ho ber i eposten om forlenging av fristen til midten av januar, noko som kontrollsjefen svarte var greit. Ny frist vart 15.1.2013

Alt var ikkje heilt klart til denne dato frå opplæring. Det mangla berre ein siste utsjekk. Møtet i kontrollutavalet var flytta fram til 22.1.13, slik at sakene måtte utsendast 15.1.13, altså dagen det var kontakt mellom opplæring og KU-sekretariat. Det vart avtalt ein ny dato 12.2.2013, slik at kontrollutvalet får sak om resultat av oppfølging i møte 12. mars. Møtet i KU er etter dette blitt flytta til 15. mars.

Brev med status frå fylkesrådmannen. Brevet er grunnlaget i sak til KU 15. mars 2013.

Utvalet har bedt om orientering i KU-møte 2.4.2013

Siri Nedland frå opplæringsavdelinga orienterte utvalet om tiltaka som var sett i gang etter gjennomføring av forvaltningsrevisjonen, deriblant om innhald og struktur i kvalitets- og rutinehandboka. Det vart også vist korleis oppslag kunne gjerast, og korleis ein finn fram i kvalitets- og rutinehandboka, som no ligg klar på portalen.

Jan følger med på at oppfølginga går etter planen.

KU handsama notat frå fylkesrådmannen v/opplæringsavdelinga datert 10.11.13. der det var skissert framdrift for handsaming av Utviklingsplan PPT og Ny inntaks- og formidlingsforskrift der desse skal behandlast i HO febr. 2014.

Eg tok kontakt med Opplæringsavdelinga v/Siri Nedland for å ta ein status ang. Utviklingsplan PPT og ny inntaks- og formidlingsforskrift som skulle til handsaming i februar iflg. Notat og KU-sak frå nov 13 etter at eg oppdaga at desse sakene ikkje var til handsaming i februar. Motok då eposten frå Reidun Fimreite som er referert under:

Hei

Viser til samtale med Siri.

-Utviklingsplan PPT

- Ny inntaks- og formidlingsforskrift

Utviklingsplan for PPT er no ute til høyring og vert handsama i HO den 25.mars. Dette vart utsett fordi vi har venta på nytt rundskriv om ny inntaks- og formidlingsforskrift. Forskrifta legg føringar som vil påverke PPT sine rutinar/arbeid.

Ny inntaks- og formidlingsforskrift vert handsama i HO og FON den 13.august og Fylkestinget den 14.oktober.

Håpar dette var svar på spørsmåla. Ta kontakt om det er spørsmål.

Prosjekt

19

11/1789 og
Arkivak KU 12/2203
Bestilt 28.03.2011
Ferdig 19.09.2011
Handsaming av rapport KU 04.10.2011
Handsaming av rapport FT 18.10.2011

Status dato	Aktivitet
25.03.2011	Handsaming KU, bestilling
06.04.2011	Handsaming KU, Prosjektplan
04.10.2011	Handsaming KU, rapport
18.10.2011	Handsaming FT, rapport

Næringsretta tiltak

KU-sak 38/11
FT-sak 44/11

Eventuelt vedtak / resultat
KU-sak 13/11 Dette gir følgjande endeleg vedtak: 1 Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon "Næringsretta tiltak" i høve til vedlagte bestillingsdokument.
KU-sak 17/11: Dette gir følgjande endeleg vedtak: 1. Kontrollutvalet godkjenner prosjektplanen med dei merknader som kom fram i møtet. 2. Kontrollutvalet ber om sluttrapport innan 19.9.2011

Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget tek forvaltningsrevisjonsrapporten "Næringsretta tiltak" til etterretning.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomføre tiltaka som er føreslegne i kapittel 6 i rapporten og innan 1.3.2012 rapportere status for arbeidet og eventuell tidplan for fullføring til kontrollutvalet.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

- 1 Fylkestinget tek forvaltningsrevisjonsrapporten "Næringsretta tiltak" til etterretning.
- 2 Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomføre tiltaka som er føreslegne i kapittel 6 i rapporten og innan 1.3.2012 rapportere status for arbeidet og eventuell tidplan for fullføring til kontrollutvalet.

<p>KU-sak 9/12. Ny arkivsak 12/2203. Vedtak: Dette gir følgjande endeleg vedtak: 1. Fylkesrådmannen sin status, etter oppfølging av tiltak i forvaltningsrevisjonsrapport «Næringsretta tiltak», vert teken til orientering. 2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen orientere utvalet når oppfølginga er ferdigstilt, seinast 31.12.2012.</p>	
<p>KU-sak 4/13, arkivsak 12/2203.Vedtak: Dette gir følgjande endelege vedtak: 1. Kontrollutvalet tek sluttrapporten datert 27.11.2012 frå fylkesrådmannen til vitande. 2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen orientere utvalet om resultatata av oppfølginga av prosjektet primo 2014.</p>	
<p>KU-sak 1/14, arkivsak 12/2203 gir følgjande endeleg vedtak: 1. Kontrollutvalet tek rapporten datert 15.12.2013 frå fylkesrådmannen til vitande. 2. Kontrollutvalet ser på forvaltningsrevisjonsprosjektet som ferdigstilt</p>	<p>Dette</p>

Kommentarar

Bestillinga sendt Deloitte 28.3.2011

Revisor kom med følgande for slag til tiltak etter gjennomført forvaltningsrevisjon:
På bakgrunn av vurderingane som går fram av kapittel 5, bør Sogn og Fjordane fylkeskommune etter revisjonen si vurdering gjennomføre følgjande tiltak:

1. Vurdere om det er behov for å gjere endringar i organiseringa av forvaltninga av kompensasjonsmidlane
2. Sikre at sakshandsamarar har tilstrekkeleg med kompetanse på EØS-regelverket
3. Vurdere om det i større grad er mogleg å nytte Tiltaksforum som ein arena for å få tilbakemeldingar på dei næringsretta tiltaka
4. Sikre at det eksisterer tilstrekkeleg med møteplassar for å dekke koordineringsbehovet også med dei mindre sentrale samarbeidspartane
5. Iverksetje tiltak som kan bidra til ei forenkling og betre oversikt over verkemiddelapparatet
6. Sikre at ansvarsfordelinga mellom Næringsavdelinga og INU-FSF, og mellom Næringsavdelinga og programstyret for entreprenørskap og nyskaping, er tilstrekkeleg tydeleg
7. Vurdere om det kan vere føremålstenleg med ei sterkare koordinering og formalisering av samarbeidet med nokre av dei mindre sentrale samarbeidspartane
8. Sørgje for at informasjonen til kommunane er tilfredsstillande for å bidra til at førstelinetenesta er oppdatert innanfor næringsutviklingsområdet
9. Sikre tilstrekkeleg fokus på arbeidet med vidareutvikling av mål- og resultatstyringssystemet, slik at dette blir eit godt system for evaluering av det næringsretta arbeidet
10. Vurdere om brukarundersøkingar kan nyttast for å hente inn informasjon om moglege forbetringpunkt i det næringsretta arbeidet
11. Etablere eit formalisert og overordna rammeverk for risiko- og vesentlegvurderingar i tilskotsforvaltninga
12. Sørgje for at det eksisterer tilstrekkeleg med system og rutinar for å sikre at dei som forvaltar tilskot på vegne av fylkeskommunen etterlever relevant regelverk

Arkivak KU	11/4171	13/2498
Bestilt	30.08.2011	
Ferdig	01.03.2012	
Handsaming av rapport KU	26.03.2012	
Handsaming av rapport FT	17.04.2012	

Status dato	Aktivitet
30.08.2011	Handsaming KU, bestilling
04.10.2011	Handsaming KU, Prosjektplan
26.03.2012	Handsaming KU, rapport
17.04.2012	Handsaming FT, rapport
31.12.2012	Avventer tilbakemelding frå fylkesrådmannen
12.02.2013	Status-samtale Jan Øhlckers
07.03.2013	Brev frå FRM, Plan og Samfunn

Energi og miljø

KU-sak 7/12
FT-sak 2/12

Eventuelt vedtak / resultat
<p>Bestilling handsama i KU-sak 35/11: Dette gir følgjande endeleg vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none">1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon "Energi og miljø" i samsvar med vedlagte bestillingsdokument.
<p>Prosjektplanen var handsama i KU-sak 39/11, og vedtaket vart slik: Dette gir følgjande endeleg vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none">1. Kontrollutvalet godkjenner prosjektplanen slik den ligg føre.2. Kontrollutvalet ber om at problemstillingane i kapittel 1.2 i prosjektplanen vert svara på.3. Kontrollutvalet ber om sluttrapport innan 1.3.2012
<p>Handsaming av rapport i KU-sak 7/12: Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none">1. Fylkestinget tek forvaltningsrevisjonsrapporten «Energi og miljø» til etterretning.2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomføre tilrådingane i kapittel 5 i rapporten, og rapportere status og eventuell vidare framdrift innan utgangen av 2012 til kontrollutvalet.
<p>Dette gir følgjande endeleg vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none">1. Fylkestinget tek forvaltningsrevisjonsrapporten «Energi og miljø» til etterretning.2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomføre tilrådingane i kapittel 5 i rapporten, og rapportere status og eventuell vidare framdrift innan utgangen av 2012 til kontrollutvalet.

Kommentarar

Bestillinga sendt Deloitte 5.9.2011

Tiltak som er føreslegne i rapporten:

Forvaltningsrevisjonen viser at utfordringane i særleg grad er knytt til oppfølging og rapportering av tiltak i fylkesdelplan for klima og miljø. Fylkeskommunen er i gang med eit viktig arbeid gjennom indikatorprosjektet og arbeidet med rullering av handlingsprogrammet, som etter revisjonen si oppfatning vil leie til meir konkrete mål og tiltak som er lettare å følgje opp. Revisjonen oppfattar det også slik at fylkeskommunen vil følgje opp dette arbeidet med i større grad å måle effekt av tiltaka opp mot dei overordna måla. Dette vil etter revisjonen si vurdering både lette arbeidet med å evaluere i kva grad mål er nådd, og kommunisere resultatane til politikarar og andre.

I det vidare arbeidet vil revisjonen tilrå at Sogn og Fjordane fylkeskommune også:

1. Utarbeider rapporteringsrutinar og fastset rapporteringsinnhald frå dei ulike avdelingane.
2. Vurderer korleis ein i enda større grad kan nytte nettverka ein samarbeider i for å nå ut til større og mindre private verksemdar.
3. Vurderer korleis ein kan gå fram for å inngå meir forpliktande avtalar knytt til gjennomføring av tiltak, både internt i fylkeskommunen og ovanfor andre aktørar
4. Utarbeider ein samla strategi for å rapportere om mål, tiltak og effektar i klimaarbeidet, og vurderer kva rapporteringsfrekvens og -kanalar som vil sikre god informasjon til politisk og administrativt nivå, og samfunnet

Jan har teke opp dette i administrasjonen, og vil sjå til at det kjem ei tilbakemelding om status frå fylkesrådmannen, ref. epost frå Jan Ø datert 12.2.2013.

Brevet vert lagt fram for utvalet som orientering på møte 2.4.2013, og evt. Som sak 28.5.2013

Prosjekt

24

Arkivak KU 12/4858
Bestilt 20.06.2012
Ferdig 02.09.2013
Handsaming av rapport KU 24.09.2013
Handsaming av rapport FT 15.10.2013

Status dato	Aktivitet
20.06.2012	Handsaming KU
03.09.2012	Handsaming KU
01.10.2012	Handsaming KU
23.10.2012	Epost til Deloitte
22.01.2013	Status KU
12.02.2013	Status-samtale Jan Øhickers
15.03.2013	Status KU
02.04.2013	Status KU
13.05.2013	Status KU
18.06.2013	Status KU
24.09.2013	Handsaming KU

15.10.2013	
	Handsaming FT
17.10.2013	Status

Innkjøp

Eventuelt vedtak / resultat
<p>1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon «Innkjøp» i samsvar med bestillingsdokument med dei endringar som kom fram i møtet.</p> <p>2. Leiar i kontrollutvalet får i samråd med kontrollsjef fullmakt til fullføre problemstillingane i bestillinga.</p>
<p>1. Kontrollutvalet godkjenner prosjektplanen slik den ligg føre.</p> <p>2. Kontrollutvalet gjev revisor fullmakt til å gjennomføre spørjeundersøking, ref. pkt. 2.2.5 i prosjektplanen innanfor ramma i kap. 3.2, dersom revisor finn dette føremålstenleg.</p> <p>3. Kontrollutvalet vil ha med følgjande punkt under problemstillingane i prosjektplanen: 7. Korleis er prosessen ved utarbeiding av anbudsdokument? o I kva grad er desse dokumenta politisk forankra før dei vert ferdiggjort?? Revisor vert bedt om å ta endringane med i arbeidet med prosjektet. Utvalet ber ikkje om ny prosjektplan.</p> <p>4. Kontrollutvalet ber om sluttrapport innan 1.11.2012</p>
Ferdigdato for prosjektet vert utsett til 31.12.2012
Ferdigdato utsettast til 1.3.2013.
KU-sak 7/13
KU-sak 8/13
KU-sak 13/13
KU-sak 30/13
KU-sak 37/13 - vedtak: Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak: 1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av innkjøp til vitande. 2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomføre tilrådingane i kapittel 5 i rapporten, og rapportere status og eventuell vidare framdrift til kontrollutvalet innan utgangen av mai 2014.

Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av innkjøp til vitande.

2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomføre tilrådingane i kapittel 5 i rapporten, og rapportere status og eventuell vidare framdrift til kontrollutvalet innan utgangen av mai 2014.

Kommentarar

Bestilling. Bestillinga sendt til Deloitte i etterkant av møtet (22.6.12)

Prosjektplan vart godkjent med endringane i vedtaket.

Revisor får i epost 23.10.2012 varsel om at prosjektet kan /bør ferdigstillast innan 1.3.2013. Dette for at prosjektet kan handsamast av fylkestinget i april 2012. Med sluttdato for prosjektet 31.12.2012 vil ikkje fylkestinget kunne behandle ein rapport før på apriltinget . Då kan sluttdato settas ut i tid, og altså til 1.3.2013.

Revisor har problem med å få tilbakemeldingar frå fylkeskommunen etter førespurnad av dokumentasjon. Prosjektet står i fare for å bli forseinka. Revisor vil halde utvalet orientert om framdrifta.

Tilbakemeldingane frå fylkeskommunen til revisor vert fullført neste veke (veke 8). Har i dag sendt 17 av 24 (7 står igjen).

Prosjektet er forsinka. Nytt tidspunkt for ferdigstilling er sett til primo mai 2013, slik at prosjektet kan bli handsama i KU-møte 28. mai.

Dato for ferdig prosjekt er sett til 3. mai.

Epost frå Deloitte med status på prosjektet og forklaring på forseinkingar i prosjektet. Det er omfattande dokumentasjon som vert innhenta, og det tek tid å få ut komplett informasjon frå fylkeskommunen. Mykje av informasjonen har vore lagra desentralt, ute på avdelingane.

Kontrollsjefen orienterte om framdrift av prosjektet. Rapporten sin datadel er til verifisering med friat for tilbakemelsing 24.6. Etter verifiseringsprosessen vert rapporten sendt til høyring med frist 9.8. Rapporten vert etter planen ferdigstilt 13.8.

Kontrollutvalet mottok endeleg rapport 2.9.2013. Dette prosjektet vart totalt sett ein del forseinka. Forseinkingane hadde fleire forklaringar, men i hovudsak var utfordringane størst ved å få ut dokumentasjon frå dei forskjellige innkjøpa som vart kontrollerte. Oppfølgingstidspunktet som vart tilrådd var diskutert mellom kontrollsjef og fylkesrådmann før saka vart lagt fram til politisk handsaming.

Tilrådingar i rapporten:

Revisjonen tilrår

at fylkeskommunen:

- 1) klargjer roller og ansvar knytt til innkjøpsarbeidet i einingar og avdelingar
- 2) utarbeider tydelege krav til arkivering av informasjon knytt til innkjøp
- 3) vidareutviklar gjeldande prosedyreverk for innkjøp med særleg fokus på følgjande område
 - a) roller og ansvar i innkjøpsarbeidet
 - b) berekning av anslått verdi
 - c) arkivering av dokumentasjon
 - d) kontraktsoppfølging
- 4) vurderer om det er tenleg å gjere endringar knytt til strukturering av informasjonen i innkjøpshandboka
- 5) syter for at det vert gjeve tilstrekkeleg opplæring i innkjøp for einingsleiarar og tilsette som arbeider med innkjøp
- 6) innfører system/kontrollaktivitetar som sikrar betre oversyn og oppfølging av innkjøp som skjer utan innkjøpstenesta si involvering. Dette gjeld både å sikre at innkjøp under 500 000,- vert gjennomførte i samsvar med fylkeskommunen sine retningslinjer, og å sikre at innkjøpstenesta vert involvert i innkjøp som har verdi over 500 000,-.
- 7) vurderer om det er tenleg å ta i bruk elektroniske system som sikrar meir fullstendig oversyn over gjeldande kontraktar
- 8) vurderer å utarbeide indikatorar knytte til innkjøpsarbeidet som kan fange opp måla til innkjøpstenesta (som ein del av arbeidet med balansert målstyring)
 - 9) gjennomgår gjeldande avtalar om konsulenttenester der revisjonen har påpeikt avvik, og syter for at desse kjøpa vert gjennomførde i samsvar med regelverket

Vedtaket vart sent fylkesrådmannen 17.10.2013.

Prosjekt

25

Arkivak KU

12/7334

Bestilt

09.10.2012

Ferdig

03.05.2013

Handsaming av rapport KU

Handsaming av rapport FT

Status dato	Aktivitet
01.10.2012	Handsaming KU
27.11.2012	Handsaming KU
22.01.2013	Status KU
15.03.2013	Status KU
02.04.2013	Status KU
	Handsaming KU
28.05.2013	
	Handsaming KU
27.08.2013	

15.10.2013	Handsaming FT
17.10.2014	Status KU

Fagopplæring

Planlagt

Eventuelt vedtak / resultat
<ol style="list-style-type: none">1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon " Fagopplæring og tilbudet til lærlingar" i samsvar med vedlagte bestillingsdokument med dei endringar som kom fram i møtet.2. Bestillinga vert med atterhald om at fylkestinget vedtek plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016 som tilrådd3. Prosjektplanen vert lagt fram for utvalet til handsaming i eit seinare møte.
<ol style="list-style-type: none">1. Kontrollutvalet vedtek å slå saman prosjektet «Fagopplæring og tilbudet til lærlingar» og «Rekruttering til yrkesfagleg utdanning» til det nye prosjektet «Fagopplæring, rekruttering til yrkesfag og tilbudet til lærlingar»2. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon " Fagopplæring, rekruttering til yrkesfag og tilbudet til lærlingar" i samsvar med vedlagte bestillingsdokument.3. Kontrollutvalet vedtek prosjektplanen for prosjektet slik den ligg føre
KU-sak 7/13
KU-sak 8/13
KU-sak 13/13
KU-sak 19/13 - Vedtak: Endringsframlegg frå kontrollsjefen, som vart grunngeve med at det var uttrykt usemje om dei faktiske forholda i rapporten etter den gjennomførde forvaltningsrevisjonen: <ol style="list-style-type: none">1. Saka vert utsett Avrøysting: Endringsframlegget vart samrøystes vedteke Dette gir følgjande endeleg vedtak: <ol style="list-style-type: none">1. Saka vert utsett
KU-sak 34/13 - vedtak: KU rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak: <ol style="list-style-type: none">1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon «Fagopplæring, rekruttering til yrkesfag og tilbudet til lærlingar» til etterretning.2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomføre dei tiltak som er kravd for at tilrådingane nr. 1 – 8 i tillegg til nr. 10 og 11 i rapporten skal verte gjennomførde.3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen rapportere til kontrollutvalet når arbeidet er fullført, eventuelt med plan for fullføring innan 1. oktober 2014.

FT-sak 27/13 - vedtak:

1.

Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon «Fagopplæring, rekruttering til yrkesfag og tilbudet til lærlingar» til etterretning.

2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomføre dei tiltak som er kravd for at tilrådingane nr. 1 – 8 i tillegg til nr. 10 og 11 i rapporten skal verte gjennomførde.

3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen rapportere til kontrollutvalet når arbeidet er fullført, eventuelt med plan for fullføring innan 1. oktober 2014.

Kommentarar

Bestilling. Bestillinga sendt til Deloitte i etterkant av møtet (9.10.12), med atterhald om at fylkestinget vedtok Plan for forvaltningsrevisjon. Denne vart vedteken i fylkestinget med nokre endringer som også resulterte i at kontrollutvalet måtte gjere nytt vedtak i bestillingssaka av forvaltningsrevisjonsprosjektet Fagopplæring.

Bestilling av det samanslåtte prosjektet og prosjektplan vart vedteke av kontrollutvalet.

Prosjektet er i rute trass i at det har teke lang tid å få tilsndt dokumentasjon som revisor har etterspurt.

Prosjektet er i rute.

Prosjektet er i rute. Alle intervju er gjennomførde. Skal gjennomføre tlf.intervju med lærlingar. Dette vil ikkje gå ut over framdrifta.

Revisor og fylkesrådmann var usamd i nokre faktiske forhold i rapporten. Det er viktig og avgjerande at revisor og revidert eining er samde om dei faktiske forholda før desse skal vurderast. Kontrollutvalet valde derfor å sende rapporten tilbake til revisor for å få klarheit i desse foholda. Ny rapport vart motteken 8. august.

Det kom opp endringsframlegg i fylkestinget frå Høgre, der dei ville ha skyvd fristen 1.10.2014 til 1.6.2014. Forslaget fekk 10 stemmer og fall.

Tilrådingar:

1. Vurderer auka bruk av elevar i rettleiings- og rekrutteringsarbeidet som er retta mot ungdomskuleelevar.
2. Legg til rette for meir samarbeid og meir erfaringsutveksling mellom dei vidaregåande skulane til dømes når det gjeld faget Prosjekt til fordjuping.
3. Prioriterer arbeidet med å skaffe praksisplass i Prosjekt til fordjuping til alle elevar på vidaregåande skule.
4. Oppmodar dei vidaregåande skulane til å nytte lærlingar i informasjonsarbeid knytt til yrkesval og yrkesliv i vidaregåande skule.
5. Gjennom målretta informasjonsarbeid arbeider for at fleire elevar vel å vere opne om behov for tilrettelagt opplæring når dei søker læreplass i bedrift.
6. Vurderer om lære kandidatordninga kan vere aktuell for fleire elevar, og sikrar god informasjon om denne moglegheita.
7. Sikrar at informasjon om fagopplæring, lærlingordning mv på nettsidene til fylkeskommunen er slik strukturert at høvesvis elevar, lærarar/rådgjevarar og bedrifter raskt og enkelt finn fram til relevant informasjon.
8. Utarbeider eller justerer rutinar, under dette:
 - a. Reviderer rutine for godkjenning av lærebedrifter slik at det tydeleg går fram kven som har ansvar for å utføre kva oppgåver.
 - b. Utarbeider rutine som sikrar at lærebedrifter blir fagleg vurderte av fagopplæringsnemnda.
 - c. Utarbeider rutine som skildrar kva krav som må vere innfridd for at ein lærekontrakt skal godkjennast.
 - d. Utarbeider system og rutinar for oppfølging av frittstående lærebedrifter for å bidra til å sikre at lovpålagte oppgåver blir utførte, og at lærlingane får den opplæringa dei har krav på.
10. I samråd med bedriftene utviklar eit opplæringstilbod til instruktørar som legg til rette for at faglege leiarar/instruktørar i små bedrifter kan delta.
11. Vurderer moglege tiltak for å tilby fleire læreplassar i eigen organisasjon.

Kontrollsjef har sendt fylkestinget sitt vedtak til fylkesrådmannen.

